



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 17.09.2014
Tid: 15:00 – 19:40

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Wenche Tislevoll	Ordførar	H
Agnar Aarskog	Medlem	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Harald Rydland	Medlem	KRF
Lars Ove Rimmereid	Medlem	SP

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Dagfinn Brekke	Harald Rydland, i sak PS 77/14	KRF

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Andreas Moe Larsen	Ass. rådmann
Anne Berit Hovstad Johansen	Helse- og sosialsjef
John Karsten Raunholm	Skulesjef
Trond Salmo	Økonomisjef
Tore Nesbø	Avd. ingeniør drift
Bente Bjelland	Kultur- og informasjonssjef (sak PS 87/14)
Kristin Skare	Skulekonsulent (sak PS 78/14)
Bente Fitjar	Møtereferent


Wenche Tislevoll

Agnar Aarskog


Harald Rydland


Bente Fitjar
møtereferent

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 73/14	Godkjenning av protokoll	
PS 74/14	Saker handsama etter delegering	
PS 75/14	Meldingar	
PS 76/14	Sal av aksjar i Sunnhordlandssambandet	
PS 77/14	Offentleg veg til Olstjørn, framtidig modell	
PS 78/14	Busetting av flyktingar i Fitjar	
PS 79/14	Selskapsversikt 2013	
PS 80/14	TV-aksjonen 2014	
PS 81/14	Finansforvaltningsrapport 2. tertial 2014	
PS 82/14	Regional plan for attraktive senter i Hordaland - Senterstruktur, tenester og handel	
PS 83/14	Kommunereform - Kommunal handsaming av KS sin medverknad i lokale og regionale prosessar i ei kommunereform	
PS 84/14	Eventuelt medlemskap i "Landsforeningen for Norske kystkommuner (LNKK)"	
PS 85/14	Høyring - overgangsreglar mellom drosjesentralane i Stord kommune, samanslåing av køyreområde Stord kommune og Fitjar kommune	
PS 86/14	Næringsarbeid i Fitjar kommune	
PS 87/14	Uttale Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025	
PS 88/14	Eigedom i Håkonar Næringspark	X
PS 89/14	Ymse	

Formannskapet ga tilbakemelding vedk. seint utsendte tilleggsdokument til innkallinga. Dette gjer at sakstilfanget i møtet vert uoversiktleg, og forvirrande i møtet å leita etter dokument til ulike saker. Bør leggjast samla fram i møtet. Administrasjonen tek dette til vitande, vil freista å gjera det betre til seinare møter.

Etter ynskje vert rekkjefølgja i sakslista endra, sak PS 77/14 og sak PS 87/14 vert handsama etter sak PS 74/14.

Innkalling og sakliste er godkjent med desse merknadane.

Representanten Lars Ove Rimmereid (SP) gjekk frå møtet etter handsaming av sak PS 78/14.

PS 73/14 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokoll frå møtet 11.06.2014.

Behandling i Formannskapet - 17.09.2014:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 74/14 Saker handsama etter delegering**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet tek delegeringssakene til vitande.

Behandling i Formannskapet - 17.09.2014:**Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

PS 75/14 Meldingar**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet tek meldingssaken til vitande.

Behandling i Formannskapet - 17.09.2014:

Følgjande vart meldt i møtet:

- ✓ Tildeling av skjønsmidlar frå Fylkesmannen
- ✓ Framdrift E39/Fylkesveg 545: innspel frå formannskapet vert teke vidare i dialog med Statens vegvesen
- ✓ Skatteinngang pr. august: vanskeleg å analysere skatteinngang i høve tidlegare år.
- ✓ Notat 14 Rimbareid skule
- ✓ Rekneskapsrapport 1. halvår 2014
- ✓ Moglegheitsstudie E39 – oppnemning av referansegruppe: rådmannen oppnemner medlem i gruppa
- ✓ Politistruktur – uttale
- ✓ Trafikksikring – prioritering
- ✓ epost vedk naturressursskatt
- ✓ Skisser/kalkyle helsesenter - Leiar i arbeidsgruppa, Johannes Koløen, orienterte formannskapet om romprogram og grovkalkyle gruppa har kome fram til.
- ✓ Søknad skjønstilskot 2015 (u.off.) – rådmannen orienterte og svara på spørsmål.
- ✓ Notat vedk. framtidig innkjøp (u.off.) – formannskapet drøfta saka.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 76/14 Sal av aksjar i Sunnhordlandssambandet**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

Fitjar kommune legg aksjane i Sunnhordlandssambandet AS for sal, då selskapet representerer interesser som er i sterk kontrast til kommunen sine interesser.

Behandling i Formannskapet - 17.09.2014:

Formannskapet drøfta saka.

Tilråding: (3 mot 2 (SP og KRF))

Fitjar kommune legg aksjane i Sunnhordlandssambandet AS for sal, då selskapet representerer interesser som er i sterk kontrast til kommunen sine interesser.

PS 77/14 Offentleg veg til Olstjørn, framtidig modell

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre gir prinsipiell tilslutnad til at det vert arbeidd vidare med vegen til Olstjørn som offentleg veg, og at kommunen vil bidra med ein nærare avtalt del av kostnadene som dette medfører.

Formannskapet får fullmakt til å forhandla vidare, og gjera endelege avtalar.

Eventuelle budsjettverknader av avtalane vert å arbeida inn i budsjett for aktuelle år.

Behandling i Formannskapet - 17.09.2014:

Representanten Harald Rydland (KRF) sa seg ugild, grunna verv som styreleiar i Fitjar fjellsameiga. Dagfinn Brekke (KRF) gjekk inn som vararepresentant. Ordførar Wenche Tislevoll (H) og rådmann Atle Tornes orienterte om bakgrunn for saka.

Formannskapet drøfta saka, særskilt om evt. brøyteordning på vegen, og omfanget av kommunen sitt vedlikehaldsansvar.

Framlegg frå administrasjonen om endring i tilråding:

Ordførar/rådmann får fullmakt til å forhandla vidare, og formannskapet skal godkjenna endelege avtalar.

Tilråding: (Samrøystes)

Fitjar kommunestyre gir prinsipiell tilslutnad til at det vert arbeidd vidare med vegen til Olstjørn som offentleg veg, og at kommunen vil bidra med ein nærare avtalt del av kostnadene som dette medfører.

Ordførar/rådmann får fullmakt til å forhandla vidare, og formannskapet skal godkjenna endelege avtalar.

Eventuelle budsjettverknader av avtalane vert å arbeida inn i budsjett for aktuelle år.

PS 78/14 Busetting av flyktningar i Fitjar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

1. Fitjar kommune tek i mot 30 – 32 flyktningar i åra 2015 – 2017
2. 2-3 familiar (max 12 personar) i 2015 deretter 10 i 2016 og 2017
3. Kommunen må skaffa bustader og gjera tilsetjingar, så ein kan tidlegast vera klar i mai 2015. Dette arbeidet vert starta umiddelbart.
4. Ein utarbeider ein strategisk plan for arbeidet.

Behandling i Formannskapet - 17.09.2014:

Skulekonsulent Kristin Skare orienterte om bakgrunn for saka, og svara på spørsmål frå formannskapet. Rådmannen oppsummerte arbeidet med saka så langt. Ansvaret vert plassert i helse- og sosialetaten, med kommunal flyktning- og bustadkonsulent i 100 % stilling. Øvrige stillingar uendra. Formannskapet drøfta saka.

Tilråding: (Samrøystes)

1. Fitjar kommune tek i mot 30 – 32 flyktningar i åra 2015 – 2017
2. 2-3 familiar (max 12 personar) i 2015 deretter 10 i 2016 og 2017
3. Kommunen må skaffa bustader og gjera tilsetjingar, så ein kan tidlegast vera klar i mai 2015. Dette arbeidet vert starta umiddelbart.
4. Ein utarbeider ein strategisk plan for arbeidet.

PS 79/14 Selskapsoversikt 2013

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Selskapsoversikt 2013 vert teke til vitande.

Behandling i Formannskapet - 17.09.2014:

Tilråding: (4 røyster)

Selskapsoversikt 2013 vert teke til vitande.

PS 80/14 TV-aksjonen 2014

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune løyver kr. 7.000,- til TV-aksjonen 2014. Summen vert å ta av konto 14700 – teneste 1000 – ansvar 1000.

Behandling i Formannskapet - 17.09.2014:

Vedtak: (4 røyster)

Som framlegg.

PS 81/14 Finansforvaltningsrapport 2. tertial 2014

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre godkjenner avvik frå minimum sikring av låneportefølgja.
Fitjar kommunestyre tek finansforvaltningsrapporten til vitande.

Behandling i Formannskapet - 17.09.2014:

Tilråding: (4 røyster)

Fitjar kommunestyre godkjenner avvik frå minimum sikring av låneportefølgja.
Fitjar kommunestyre tek finansforvaltningsrapporten til vitande.

PS 82/14 Regional plan for attraktive senter i Hordaland - Senterstruktur, tenester og handel

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune v/ formannskapet vel å gje ein indirekte støtte til uttalen frå Samarbeidsrådet, ved ikkje å gje eigen uttale.

Behandling i Formannskapet - 17.09.2014:

Tillegg til saka sendt til medlemene på ipad i dag. Rådmannen orienterte om endring i saka i høve opprinnelig sakstilfang.

Vedtak: (4 røyster)

Som framlegg.

PS 83/14 Kommunereform - Kommunal handsaming av KS sin medverknad i lokale og regionale prosessar i ei kommunereform

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Fitjar kommune sluttar seg til at KS deltar som fagleg tilretteleggar og koordinator for lokale/regionale prosessar i kommunereformarbeidet som Regjeringa etter Stortingsvedtak har invitert kommunane til.

Behandling i Formannskapet - 17.09.2014:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om bakgrunn for saka, og formannskapet drøfta saka.

Tilråding: (4 røyster)

Fitjar kommune sluttar seg til at KS deltar som fagleg tilretteleggar og koordinator for lokale/regionale prosessar i kommunereformarbeidet som Regjeringa etter Stortingsvedtak har invitert kommunane til.

PS 84/14 Eventuelt medlemskap i "Landsforeningen for Norske kystkommuner (NFKK)"

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt føre utan tilråding.

Behandling i Formannskapet - 17.09.2014:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om bakgrunn for saka, og formannskapet drøfta saka.

Vedtak: (4 røyster)

Fitjar kommune melder seg ikkje inn i «NFKK».

PS 85/14 Høyring - overgangsreglar mellom drosjesentralane i Stord kommune, samanslåing av køyreområde Stord kommune og Fitjar kommune

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune går i mot forslag om samanslåing av køyreområda i Stord og Fitjar kommunar, og ber om at Fitjar består som eit eige køyreområde som før, minimum basert på eit bustadløyve.

Behandling i Formannskapet - 17.09.2014:

Formannskapet drøfta saka.

Vedtak: (4 røyster)

Som framlegg.

PS 86/14 Næringsarbeid i Fitjar kommune

Framlegg til vedtak:

Formannskapet ser positivt på skissa, og gir fullmakt til at det vert arbeida vidare med modellane, med fylgjande justeringar:

Behandling i Formannskapet - 17.09.2014:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om bakgrunn for saka.

Vedtak: (4 røyster)

Formannskapet ser positivt på skissa, og gir fullmakt til at det vert arbeida vidare med modellane.

PS 87/14 Uttale Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner framlegg til uttale til Regional kulturplan for Hordaland frå Fitjar kommune. Kommunen stør elles uttale frå samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Behandling i Formannskapet - 17.09.2014:

Kultur- og informasjonssjef Bente Bjelland orienterte om saka.

Vedtak: (Samrøystes)

Formannskapet godkjenner uttalen slik han ligg føre, og stør elles uttale frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

PS 88/14 Eigedom i Håkonar Næringspark

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt føre utan tilråding.

Behandling i Formannskapet - 17.09.2014:

Saka vart handsama i lukka møte, jfr. Kommunelova § 31.2.

Formannskapet drøfta saka.

Vedtak:

PS 89/14 Ymse

Framlegg til vedtak:

Behandling i Formannskapet - 17.09.2014:

Det var ikkje meldt inn saker under ymse.